# VEDTEKTER
# VESTLANDSKAPPLEIKEN

*Vedtekne på Vestlandskappleiken i Aurland, 12.10.1997*
*Revidert på leiarmøtet under Vestlandskappleiken 1999*
*Revidert på leiarmøtet under Vestlandskappleiken 2011*
*Revidert på leiarmøtet under Vestlandskappleiken 2013*

**INNLEIING**

§ 01. Vestlandskappleiken er ein landsdelskappleik for fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

**FØREMÅL**

§ 02 Føremålet til Vestlandskappleiken er å vere ein sosial og musikalsk møtestad for deltakarar, andre utøvarar innan folkemusikk og –dans, samt andre interesserte. Gjennom ei slik samling søkjer ein å styrkje interessa for, kjennskapen til og kunnskapen om folkemusikken og -dansen i Vestlandsregionen.

**TILSKIPING**

§ 03 Hordaland Folkemusikklag og Sogn og Fjordane Folkemusikklag skal i samarbeid med lokal tilskipar syte for at Vestlandskappleiken blir arrangert årleg.

§ 04 Vestlandskappleiken skal skipast til annan kvart år i Sogn og Fjordane og Hordaland i hausthalvåret. Fylkeslaget i tilskiparfylket fastset dato i samarbeid med lokal tilskipar. Fylkeslaga kan gjere førespurnad til lokallag i Møre og Romsdal og Rogaland om å vere lokal tilskipar.

§ 05 Fylkeslaget i tilskiparfylket skal ha tilsyn med opplegg for og gjennomføring av Vestlandskappleiken, og skal ta avgjerd i eventuelle tvistesaker.

§ 06 Styret i fylkeslaget i tilskiparfylket skal ha fritt tilgjenge på alle arrangement i regi av Vestlandskappleiken.

§ 07 Fylkeslaget i tilskiparfylket skal tilby lokal tilskipar ein arrangørpakke som inneheld gjeldande vedtekter og føresegner, dommarskjema, kappleikskokebok, logo, rapportmal og rapport frå Vestlandskappleiken dei siste åra.

**ØKONOMI OG RAPPORTERING**

§ 08 Overskott/underskott skal delast slik: 15 % på Fylkeslaget i tilskiparfylket, 85 % til lokal tilskipar.

§ 09 Det skal vere eit rimeleg forhold mellom deltakaravgift og premiering, og lokal tilskipar skal følgje FolkOrg sine gjeldande retningslinjer.

§ 10 Deltakarbilletten skal gje fritt tilgjenge til alle tevlingar og dansearrangement under Vestlandskappleiken. Dette gjeld alle deltakarar.

§ 11 Enkeltutøvarar, grupper og lag kan ikkje krevje økonomisk godtgjersle for dansespel.

§ 12 Lokal tilskipar skal sende rapport og rekneskap til fylkeslaget seinast 2 månadar etter gjennomføring av Vestlandskappleiken. Rapporten skal følgje mal utarbeidd av fylkeslaga.

**TEVLING**

§ 14 På Vestlandskappleiken skal det tevlast i følgjande tevlingsgreiner og klasseinndelingar:

| **Tevlingsgrein/disiplin** | | **Klasseinndeling** |
|---|---|---|
| Spel, fele | Solo | A – B – C – D |
| Spel, hardingfele | Solo | A – B – C – D |
| Spel, andre folkemusikkinstrument | Solo | junior og senior |
| Vokal | Solo | A – B – C – D |
| Durspel | Solo | junior og senior |
| Gruppespel | 2-4 utøvarar på same instrument (fele, hardingfele eller andre f.mus.instr.) | junior og senior |
| Lagspel | Min. 5 utøvarar, fele eller hardingfele skal vere berande instrument. | junior og senior |
| Dans, fele | Pardans | A – B – C – D |
| Dans, hardingfele | Pardans | A – B – C – D |
| Lausdans | | A – B – C – D |
| Lagdans | 5-10 par | junior og senior |
| Open klasse | | |

§ 15 Lokallag som ønskjer det, kan i tillegg til dei ordinære kappleiksgreinene, setje opp tevlingar i følgjande tevlingsgreiner og klasseinndelingar:

| **Tevlingsgrein/disiplin** | | **Klasseinndeling** |
|---|---|---|
| Runddans, fele og hardingfele | Solo | junior og senior |
| Runddans, durspel og trekkspel | Solo | junior og senior |
| Runddans, andre folkemusikkinstrument | Solo | junior og senior |
| Runddans, gruppespel | Min. 2 utøvarar, alle instrument | junior og senior |
| Runddans, lagspel | Min. 5 utøvarar, fele eller hardingfele berande instrument. | junior og senior |
| Runddans | Pardans | |

§ 16 Tevlingane skal til ei kvar tid avviklast i samsvar med gjeldande tevlingsreglement i FolkOrg.

§ 17 Deltakarar heimehøyrande utanfor Vestlandsfylka skal stille i eigne gjesteklassar.

§ 18 Alle deltakarar på Vestlandskappleiken skal vere medlem i FolkOrg.

**DØMMING**

§ 19 Fylkeslaga har ansvar for å plukke ut sakkunnige fagdommarar. Det skal vere tre dommarar i kvar tevlingsgrein (spel, song og dans). Fylkeslaget i tilskiparfylket plukkar ut to dommarar til kvar tevlingsgrein, medan det andre fylkeslaget plukkar ut ein dommar til kvar tevlingsgrein.

§ 20 Dommargjerninga er å sjå som eit tillitsverv og blir ikkje godtgjort økonomisk. Lokal tilskipar skal dekkje reise og opphaldsutgifter i samsvar gjeldande satsar i Statens reiseregulativ.

**PREMIERING**

§ 21 Premiering skal skje i samsvar gjeldande kappleiksføresegner i FolkOrg.

§ 22 Deltakarpremie skal ikkje vere diplom.

**LEIARMØTE**

§ 23 I samband med Vestlandskappleiken skal det skipast til eit leiarmøte for alle medlemslaga i fylkeslaga. Det skal sendast innbyding til fylkeslaga i alle fire fylka på Vestlandet**.**

§ 24 Fylkeslaget i tilskiparfylket er ansvarleg for innkalling og avvikling av leiarmøtet.

§ 25 Alle medlemmer i fylkeslaga har møte- og talerett. Kvart medlemslag har rett på ein (1) utsending med framlegg- og røysterett.

§ 26 Det skal førast protokoll frå leiarmøtet.

§ 27 Fylkeslaget i tilskiparfylket har ansvar for at møteprotokollen blir utsend til FolkOrg, fylkeslaga og dei lokale medlemslaga.

**UNNTAK FRÅ VEDTEKTER**

§ 28 Lokal tilskipar som ønskjer å gjere unntak frå desse vedtektene, må søkje fylkeslaget i tilskiparfylket.